

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Foldereid

Emne: Vannbæring

Bygdelag:

Oppskr. av: P.Jæger-Leirvik

Gard:

(adresse): Sjölstad

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Etter opplysningane frå fleire pålitande kjelder i bygda og eiga röynsle.

1) Fram imot siste hundradårsskifte vart dei første springvatsleidningar lagt her i bygda. Det var bora stokkar. För den tid bar alle det vatnet som dei trengde til folk, kröter og reinhald. Til vatsbæringa brukte dei "börtre" - også kalla "börhenk" (böltre -bölhenk med tjukk 1). Börtreet vart lagt over eine skuldraalitt på skrå slik at ein heldt den eine bött i ei hand litt framom kroppen og den andre i andre handa litt attom kroppen. För at börtreet skulle ligge stödig over aksla, var det litt breiare med avrunda kantar og böygд litt oppover på midta. Frå gamalt brukte dei trekrokar ("kjelp" (eitt)) til å henge böttene i. Krokane var fest i "henk" (eitt) av tre med ei reim, lik eins var "henke" festa til sjølve börtreet med reim. Some brukte også vidjer med trekrokar i nerenden. Seinare vart det vanleg å bruke jarnlenkjer og jarkrokar. Til fram imot hundradårsskiftet vart det brukt berre treböttor, men da tok handelsmennene til å före jarnböttor, som etter kvart kom i bruk.

også til vatsbæring. No er det slutt med å bera vatn i treböttor, men mange åra sidan er det ikkje. Børtre finst edet derimot enno på dei fleste gardane

2) Vatshenting i lagga kar med øyros som dei stakk ei stong inn i og to bar over skuldrane, er ukjent her. Derimot har vatsköyring i tynnor eller kar vore brukt, og blir det enno når det tryt opp i springvatskummane. Da brukar dei flytande skivor, isklumper eller snø til å hindre at vatnet sprutar over. - Det har hellerikkje vore brukta stong til å bera inn mjölnka frå fjøset eller mjölkeplassen.
3) Det har hellerikkje vore brukt å skuve vatskaret på ski framom seg.

4) I gamal tid var vatsbering kvinnearbeid, og det vara stort sett så lenge alt vatnet vart bore heim. Der dei hadde tenestgjenter, var det dei som bar vatnet, elles var det kona. Berre når det vart for mykje snø eller hardver, kunne mannfolka bera vatn, dersom dei var heime da, og da var det i tilfelle drøngen som gjorde det, eller vaksne söner. I første tjugeåret av dette århundrad vart kvinnerne etter kvart avløyste i dette arbeidet, og der det no er vatshenting, er det altid mannsarbeid. Nokon skilnad på større og mindre bruk i så måte har det ikkje vore.

No er det ikkje mange heimar i bygda som ikkje har innlagt vatn anten i fjös eller kjøken eller både stader. Men fullgod vatsforsyning er det enno mange som vantar. Dérfor er ^{det} tider på året da enno mange anten må kjøre eller bera vatn.
